

---

**Saksnr:** 2021/44990-2  
**Saksbehandlar:** Lotte Karoline Lynngård  
**Dato:** 13.09.2021

---

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkeskommunedirektøren

---

## Kraftsituasjonen i Vestland

Fylkesordfører vil ta initiativ til eit møte for å sette søkelys på og diskutere kraftsituasjonen i Vestland.

Dette følgjer etter at fylkesordfører i Vestland fylkeskommune mottok eit brev frå Regionrådet Nordhordland 2. juli 2021 om kraftsituasjonen i Nordhordland og Vestland, der dei uttrykker sterk bekymring for regionen sin moglegheit til å vere med i det grønne skiftet grunna kraftsituasjonen i regionen. I brevet ber dei om at fylkesordfører tek initiativ til eit samarbeid for å påverke og forsøke å betre situasjonen.

Fylkeskommunedirektøren har greidd ut for korleis eit eventuelt samarbeid i lag med kommunar vil kunne gjerast. Ein vil kunne ha visse kontaktpunkt og møte mellom fylkeskommunen og kommunar. Dersom ein skulle ønskje å formalisere eit slikt samarbeid vil det fordre ei innramming som er i tråd med kommunelova. Ei slik løysing vil da vere eit interkommunalt politisk råd, jf. kommunelova kap. 18.

Med utgangspunkt i initiativet frå Regionrådet Norhordland, vil fylkesordfører innkalle relevante aktørar til møte for å drøfte og påverke kraftsituasjonen i Vestland.

### Vedlegg

- 1 Brev frå Nordhordland Regionråd til fylkesordføraren